



Byggteam Vest AS
Mjåtveitflaten 1A
5918 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/2325 - 17/3687

Saksbehandlar:
Line Hervig
line.hervig@radoy.kommune.no

Dato:
21.03.2017

Byggesak Gbnr 45/88 Manger - einebustad - mellombels svar

Viser til ditt brev datert 13.02.2017.

Situasjonsplanen er framleis ikkje komplett. Før saka kan handsamast må følgjande rettast:

- Situasjonsplanen viser det byggesak i Radøy kommune legg til grunn er ei mur langs store delar av eigedomen. Muren er ikkje omsøkt og det ligg ikkje føre opplysningar om dette tiltaket. Alle tiltak skal søkjast om. Her må det sendast inn dokumentasjon og teikningar/snitt som viser tiltaket.
- Teikningane av einebustaden viser tre terrasser rundt huset. Desse viser ikkje på situasjonsplanen og det ligg heller ikkje føre opplysningar om desse. Alle tiltak skal vere nemt i søknaden og vise på alle teikningar og kart med mål. Byggesak er usikker på om dette er markterrasser eller vanlege terrasser. Nye teikningar og snitt må omfatte desse tre tiltaka.
- Teikningane viser parkeringsplass for ein bil. Det må visast parkering på terreng for ein bil i tillegg.
- Situasjonsplanen viser ei grå firkant foran bustaden kor det står kote + 11,80 inni. Det er ikkje opplyst kva dette er.

Saka vert sett på vent til kommunen har motteke etterspurd informasjon.

Med helsing

Line Hervig
jurist/ byggesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Gunnvald Kleveland

Slettevegen 321

5936

MANGER

Mottakrar:

Byggteam Vest AS

Mjåtveitflaten 1A

5918

FREKHAUG